Utdanningsforbundet
Vestland

Vår referanse 24/00246-15
Saksbehandler Mildrid Beate Kronborg Økland
Direkte telefon +4795486308
Deres referanse
Dato 09.05.2025

Lokallag Vestland

# Lokal fylkesinfo 5/25 - Stortingsval og valkamp

Det nærmar seg stortingsvalet 2025. Partia har gjennomført landsmøta sine og vedtatt nye partiprogram. No går vi snart inn i ein ny fase – valkampen.

For at valkampen skal bli vellukka, er det viktig at alle nivå i organisasjonen bidrar. Denne lokale fylkesinfoen gir ein oversikt over vårt arbeid på fylkesnivå, informasjon om sentralleddets arbeid, kva forventningar vi har til aktivitet i lokallaga og kva de kan forvente av hjelp og støtte frå oss.

**Fylkesnivå og sentralleddet sitt arbeid inn mot valkampen:**

- **Deltaking på konferansar og andre arrangement:** Gjennom vinteren har fylkesstyremedlemmer deltatt og vore bidragsytarar på ulike konferansar med tema som tid for dei minste/bemanning i barnehagen, lærarutdanning, praksis i utdanninga og velferdsstaten, for å nemne noko. Vi har også planar om å arrangere pedagogiske kafear til hausten med temaet fellesskulen. Sentralstyret har og vil delta i og arrangere ulike debattar i tida framover. Særleg under Arendalsveka i august vil det bli skipa til eigne arrangement i regi av både Utdanningsforbundet og Unio.
- **SoMe-kampanjar og andre kampanjar:** Sentralleddet vil rulle ut ein større kampanje i trykte media før sommaren og rett etter. I tillegg vil dei halde fram med kampanjar på ulike utdanningspolitiske tema i sosial media, i hovudsak frå byrjinga av juni. Vi vil dele desse kampanjane på våre plattformar Facebook og Instagram, i tillegg til å lage eigne oppslag på digitale flater knytt til utdanningspolitikk og arbeidslivspolitikk.
- **Informasjonsvideoar:** Både vi og sentralleddet har planlagt å produsere korte videosnuttar (reels) med ulike tema framover våren og tidleg om hausten. Desse vil vi dele på sosiale media.
- **«Dette meiner partia»:** Vi har fått melding om at sentralleddet vil utarbeide ein slik oversikt når det gjeld våre kjerneområde. Vi vil kome tilbake med informasjon om kvar

dette er å finne. Dette er informasjon som kan nyttast i ulike kampanjar og arrangement.

- **Andre element sentralleddet har planlagt:** Det vil kome ei ny styrarundersøking knytt til satsinga Tid for dei minste og ei befolkningsundersøking knytt til styrka innsats i barnehage og skule. Dei har også planlagt å produsere t-skjorter, buttons, plakatar og liknande.
- **Hovudsatsingsområda for valkampen:**
  - Peike på kor skoen trykker, men også framsnakke yrket
  - Tid til å gjere jobben
  - Tid for dei minste
  - Bemanningsnormer i skule og barnehage
  - Styrk laget rundt barn og unge
  - I tillegg er foreløpige planar for arrangement under Arendalsveka kommuneøkonomi, utdanning for demokratisk beredskap og laget rundt. Dei fleste arrangement her blir tilgjengeleg digitalt.

**Våre forventningar til lokallaga:**

- **Gjennomføring av og deltaking på ulike arrangement:** Vi oppfordrar lokallaga til å gjennomføre eit arrangement. Dette kan vere ein pedagogisk kafé, paneldebatt, ope møte, eller liknande for å nå ut til opinionen med våre bodskap og prioriterte saker og svare ut det ein som veljar lurer på.

  Kaffi-aksjonar, utdeling av skulebollar, pedagogiske kafear o.l. har erfaringsmessig vist seg å vere vellukka. Del gjerne tips og erfaringar med dei andre lokallaga. Det er allereie planlagt arrangement i nokre lokallag som er delt i sosiale media.

- **Synlegheit:** Det er viktig at lokallaga deler sentralleddet og fylkesleddet sine kampanjar på sosiale media. I tillegg er det flott om lokallaga lagar eigne oppslag og evt. innlegg som de deler på SoMe, nettsida, lokalavisa o.l.
- **Andre aktivitetar:** Vi oppfordrar lokallaga til å være kreative og finne nye måtar å engasjere veljarane på. Del gjerne erfaringar med dei andre lokallaga og ta også kontakt med oss om de ønsker at vi skal bidra på noko måte.

**Kva kan de som lokallag forvente av oss?**

- Valkampen blir tema på kurs for lokallagsleiar og HTV i juni. Geir Røsvoll skal ha den politiske innleiinga på dette kurset. Det blir også satt av ei økt til erfaringsutveksling om valkampen.
- Førebels finns følgande ressursside på nettet Påvirke politikken for neste stortingsperiode
  Lokallaga kan forvente at sentralleddet oppdaterer denne før valkampen tek til for fullt, mellom anna med informasjon frå partia sine partiprogram.
- Lokallaga kan forvente at fylkeslaget er synlege i valkampen, jfr. informasjon gjeve ovanfor.

- Fylkesstyret er tilgjengelege for tips og råd, og evt. bidrag inn i arrangement, om de har behov for det 😊

Vi ser fram til ein spennande og vellykka valkamp!

Vennleg helsing

Steinar Vegsund Strømsli
Fylkesleiar

Mildrid Beate Kronborg Økland
Nestleiar

*Brevet er elektronisk godkjent og har derfor ingen håndskrevet signatur.*